NSG
Norsk sau og geit

Time Sau & Geit

Årsmelding og rekneskap

- 2021 -

Årsmøte

Time Sau- og Geit har årsmøte på Undheim Samfunnshuset 27. januar 2022 kl.19:30.
Saker til årsmøte må være innkomne til styret seinast 8 dagar før årsmøte.

Saker til årsmøte må være innkomne til styret seinast 8 dagar før årsmøte.
På mobil nr 41100771 eller på e post helvatla@online.no

- Underhaldning.
- RSG informerer om aktuelle saker og siste nytt.

Alle er velkomne.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av to til å skrive under møteprotokollen.
3. Årsmelding
4. Rekneskap
5. Innkomne saker
6. Val:
    a. Val av leiar for eit år
    b. Val av to styremedlemmar for to år.
    c. Val av to vara medlemmer for eit år.
    d. Val av utsendingar til Fylkesårsmøte.
    e. Val av to vara medlemmar til Fylkesårsmøte.
    f. Val av ein revisor for to år.
    g. Val av tre utsendingar til representantskapet i Undheim Samfunnshus
    h. Val av eit vara medlem til Undheim Samfunnshus
    i. Godtgjersle til styret.
    j. Val av eit medlem til valnemnda.
7. Eventuelt

Forslag til arbeidsplan for Time sau og geit 2021

Medlemsverving, vidare innsamling og oppdatering av medlemsregister, fagmøta, kurs, heimeside oppdatering, kåring og ull innsamling. Arbeid med saker frå NSG og RSG. All medlemsinformasjon vil koma på e-post og SMS framover. Dei som ikkje har e-post må ta kontakt med styret for å få informasjon på annan måte. Møter, kurs og liknande blir annonsert i Bondevennen og på SMS. Får du ikkje SMS frå oss, så send ein SMS til 91314190 med namn og nummer, så ordnar med me det. Laget har til utlån for medlemmane til TSG ein stor grill. Denne står i bua vår på skytebanen, ta kontakt med Arne om du vil låne denne.

Ull container:

Ull til Nortura, hjå Simen Høyland	Timevegen 506	mob. 93818410
Ull til Fatland, hjå Atle Tjåland	Tjålandsvegen 96	mob: 95936769

Innstilling frå valnemnda:

Leiar for 1 år :			
Styremedlemmer for 2 år:			
		Ådne Øverland	(ikkje på val)
		Siri Hegdal	(ny)
		Helen Tjensvoll Vatland	(ikkje på val)
		Elisa Garpestad	(ikkje på val)
1 Varafor	1 år:	Ståle Fjermestad	(attval)
2 Vara	for 1 år:	Eivind Norheim	(ny)
Revisor	for 2 år:	Ola Eikeland	(ikkje på val)
		Magnar Undheim	(ny)
Utsendingar til Fylkesårsmøte 12-13.02.2021:		Leder	
		Nest leder	
		1 Styremedlem	
Vara til Fylkesårsmøte 12-13.02.2021:		Styret får fullmakt til å utnemne dei.	
1 medlem til valnemnda for 1 år:		Grete Gerritsen	(ny)
3 medl. til Undheim Samfunnshus for 1 år:		Terje Nedrebø	(attval)
		Jone Undheim	(attval)
		Terje Grødem	(attval)
1 vara til Undheim Samfunnshus 1år:		Kåre Skrudland	(ny)
Godtgjersle til styret 2021:		Leiar	7000,-
		Sekretær	5000,-
		Kasserar	4000,-
Andre styremedlemmer og 1 vara:			1500,-

Valnemnda foreslår ingen endringar i godtgjersle til styret for 2022.

Valnemnda 2021: Nils Eirik Hinnaland, Arne Berge og Sveinung Hadland

jæren sparebank

ÅRSMELDING 2021

Laget har i 2021 hatt 140 medlemmar, 100(104)hovudmedlemmar, 20(21) husstandmedlemmar og 19(15) støttemedlemmar.

Lager har 2 æresmedlemmar: Torstein Tunheim og Hermund Lende (RSG)

Årsmøte 2021 var på Undheim Samfunnshus. Grunna C19 var det kun styre som var til stede. Medlemmer hadde mulighet å komme med motforslag til innstillinger frå valnemda via e-post. Det kom heller ikkje inn saker til årsmøte.

Styret i 2021 har vore:

Leiar:	Geir Risa
Nestleiar:	Grete Gerritsen
Kasserer:	Ådne Øverland
Sekretær:	Helen Tjensvoll Vatland
Styremedlem:	Elisa Garpestad
1.varamedlem:	Ståle Fjermestad
2.varamedlem:	Eivind Norheim

Me har i år hatt 5 styremøter, 1 pakkemøte og handsama 19 bokførte saker. 1.varamedlem har vore innkalla på styremøte. Det er sendt ut informasjon på SMS. Årsmøte i Fylkeslaget var på Teams. Geir Risa, Ådne Øverland, Grete Gerritsen og Helen Tjensvoll Vatland var med. Leiarmøte var på Scandic Forus der Geir Risa og Ådne Øverland var tilstede. Time og Sør Jæren Sau og Geit hadde regionmøte 9 november på Varhaug Idrettslag.

Tilstellingar:

22/06-21 Grilldag på Taksdal

25/09-21 Utstilling potetfestivalen

7/10-21 Haustmøte med Stian Espeland frå Nortura

8/11-21 Slaktekurs hjå Ståle Fjermestad

Skotpremie på rev:

Det er utbetalt skotpremie på 26 revar mot 34 i fjor. Time Bondelag støtta med 3000kr

Kåringsdagen.

21 sept-21 hadde me heima kåring. Det vart kåra 99 vêrlam (100 i fjor). I tillegg vart 11 lam vraka under kåringa i år. 29 blei kåra på dispensasjon (5 i fjor). Dei som blei vraka detter året var mest pga ull kvalitet på kjøttkårde. Torill Undheim, Leif Matnisdal, Per Johan Lyse og Alf Torstein Pettersen var oppsett som dommarar frå NSG. Stein Haugland og Leif Matnisdal hadde pc- arbeid.

Premiering av beste vêrlam, etter dommarpoeng:

Beste O-kåring NKS:	202142024-9-9-8	eigar: Oddvar Undheim
Beste kjøtt- kåring:	202141788-15-15-9-9-5	eigar: Livar Nedrebø

Premiering av oppgåve:

Vibå 4H: Anja Haugland for prosjekt Friluft

Styret:

Geir Risa	Ståle Fjermestad	Ådne Øverland
Elisa Garpestad	Grete Gerritsen	Helen Tjensvoll Vatland

Driftige bønder skaper de beste råvarene. Det betaler vi godt for.
PRIMA JÆREN
Prima Jæren er stolte over å levere det ypperste norske kjøttprodusenter kan produsere. Å alltid tilby kun det beste er en edel kunst, og vi klarer det med hjelp fra våre dyktige underleverandører. Vi legger mye tid og krefter i å samarbeide med kvalitetsbevisste gårdseiere, og Norges beste kjøttprodusenter finner man på Vestlandet.
Dette er et frieri til kremen av lokale bønder: Saueholdere! Storfeprodusenter! Griserøktere!
Stadig nye kunder oppdager våre fantastiske råvarer, og gleden rundt middagsbordet skal komme bonden til gode. Vi belønner kvalitet. Ikke bare med gode ord, men med klingende mynt.
Prima Slakt as har vært best på totaløkonomi for bonden de siste ti årene, og slik vil det alltid være. Bli med på laget, og kontakt oss i dag:
Tilførselsleder Gris.
Eli Ann Fardal
46797168 : eli.ann@prima.as
Tilførselsleder Småfe.
Leif Håkon Korsbø
92828420 : leif@prima.as
Tilførselsleder Storfe.
Magnar Sandanger
48114525 magnar@prima.as

Enklare fôring med kraftfôret Sauefôr Drektig

God fôring vinterstid gir færre dødfødslar og fleire livskraftige lam.

SAUEFÔR DREKTIG:

- Ekstra rik på E-vitamin
- Full dose makro- og mikromineral
- Organisk selen
- Positiv PBV
- Høg andel norske kornvarer

Anbefalt dosering: 3 til 5 hekto per dag.

Holdige sauer bør i staden få tilskotsfôret «Premium Drektig Sau», 15-40 gram per dag.

GODT GJORT ER BEDRE ENN GODT SAGT

FOR BESTILLING:
Tlf: 51 74 33 00
www.fiska.no

Fiskå Mølle

REGNSKAP FOR TIME SAU OG GEITEALSLAG:

Regnskapsår 2021

	2021	2020
INNTEKTER		
KONTINGENTER	32176	32875
TRANSPORT AV ULL	2171	23923
RENTEINNTEKTER	118	747
TILSKUDD	29920	49301
ANDRE INNTEKTER	0	10613
SUM INNTEKTER	64385	117459
UTGIFTER		
MØTE RSG	2416	4034
REF.KÅRING, DYRLEGE	8000	0
MEDLEMSMØTER	12515	36037
KJØREGODTGJØRSLE TIL STYRET	16000	16000
ANDRE UTGIFTER	12434	21550
SKOTPREMIE PÅ REV	13000	21000
SUM UTGIFTER	64365	98621
RESULTAT	**20**	**18838**
EIENDELER		
BANKINNSKUDD/KASSE	235754	230746
KUNDEFORDRING	0	3266
LAGER DIV.REKVISITA	2000	2000
SUM	**237754**	**236012**
GJELD OG EGENKAPITAL		
GJELD	1722	0
EGENKAPITAL	236032	236012
SUM	**237754**	**236012**
Note egenkapital		
Egenkapital 1/1	236012	217174
Overskudd/underskudd	20	18838
Egenkapital 31/12	**236032**	**236012**
Time Gjeterhundnemnd		
Saldo 1/1	32018	32009
Renteinntekt	0	9
Saldo 31/12	**32018**	**32018**

Revidert 06.01.2022

Magnar Undheim
Revisor

Ola Eikeland
Revisor

FS rundballehekk

– *gir minimalt fôrspill*

Med dobbel rist og tett bunn er FS rundballehekk en hygienisk løsning som gir mindre fôrspill. Kjegleformet bunn gjør at ballen «deler» seg, og dermed blir det ingen gjenstående rester av ballen som sauen ikke får tak i, og vi får god utnyttelse av grovfôret.

- 28 eteplasser
- Tett bunn (fungerer fint til kraftfôr)
- 1,90 m diameter utvendig ring og 1,65 m innvendig ring
- Totalhøyde 1,25 m

SMART FÔRING FJØSSYSTEMER

www.fjossystemer.no

FJØSSYSTEMER
Bonden og dyrenes førstevalg

Øst
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
ost@fjossystemer.no

Sør
3178 Våle
Tlf. 33 30 69 61
sor@fjossystemer.no

Vest
4365 Nærbø
Tlf. 51 43 39 60
vest@fjossystemer.no

Nordvest
6770 Nordfjordeid
Tlf. 57 86 25 05
nordvest@fjossystemer.no

Midt
7473 Trondheim
Tlf. 72 89 41 00
midt@fjossystemer.no

Bygg
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
bygg@fjossystemer.no

SLUTTORD FOR ÅRET 2021

Året 2021 har vært prega av Covid 19 som i fjor. Dette har selvfølgelig hemma oss noe, rundt sammenkomster og arrangement som i fjor. Årsmøtet til RSG gjekk på Teams blant annet. Det er flott å sjå at folk er opptatt av forebyggende tiltak, for å hindre smitte i en vanskelig tid.

Time Sau og Geit har likevel klart å ha en del aktivitet i laget, til tross for pandemien. Vi kan raskt nevne grillsammenkomst på Taksdal, innslag av Sau på Potetfestivalen Bryne, slaktekurs hos Ståle og ei godt gjennomført heimekåring. Laget har også klart å holde medlemstallet oppe. Og ligger på ca. 140 medlemmer. Styret har dette året holdt 5 styremøter, og behandlet 19 saker. Vi har vært på Ledersamling arrangert av Norsk Sau og Geit, sammen med Fylkeslaget vårt. Vi har også vært på region møte, og tatt oss av de vanlige årlige oppgavene som styret til Time årlig har.

Videre har vi spilt inn forslag til landbruksforhandlingene til RSG. Vi har i år som i fjor satt krav til å få bort minstefradraget på 6000 kr. slaktetilskudd opp til 500 kr. justere de fleste tilskudd opp ca. 20%, og øke ulltilskudd, som nå så nesten ikke dekker inn saueklipper. Markedet er ca. i balanse på salg. Men det er med oppgitthet jeg ser at Norge har tegnet ny avtale med England, om å importere lammekjøtt. Som om det ikke er galt nok, med den avtalen vi allerede har med Island. Dette tok jeg opp på NSG`s ledersamling. Bondelaget uttalte at en måtte bare være glade til at de hadde klart å begrense skadene mye, i denne avtalen. Politikk rundt sauenæringa er også preget av utfordringer, som andre ting i samfunnet. Og spesielt rundt kartlegging av miljøutslipp på butangass og annet rundt klimautslipp. Dette byr på store utfordringer. Thor Blickfeldt er satt til å forske på hvilken sauerase som er mest miljøvennlig for Norge å satse på, med en fiseregistreringslastebil. Mye nytt er i anmarsj. Det kan til tider bli «alt» for mye. Og alle disse stillingene og støtteordninger produsere egentlig fint lite mat, men skal ha sin del av kaka i den store sammenheng. Folk har forskjellige ståsted innen politikk. Men mye av dette, som ofte er tredd ned over hodet på bønder, blir bare mye ekstra kontorarbeid for bonden, og bruker i tillegg opp lønn som bonden burde fått i lønnsøkning.

Jeg ønsker å få takke for meg som leder for Time Sau og Geit. Styret som har vært med meg, skal ha all ros for en formidabel innsats de har gjort disse årene. Jeg velger å ikke stille til gjenvalg, da jeg nå har sittet i to år på denne posten. Og mener at andre bør slippe til med ny frisk pust. Jeg har også sluttet med sau selv, grunnet helsemessige endringer. Men ser på det, som svært kjekt å ha fått drevet med dette i 18 år på Holmaholen. Det er også vært en milepel, å få inn en egen avlet kjøttvær på Staur, etter mange års salg av værlam fra gården vår.

Lykke til videre.

Vennlig hilsen

Geir

Leder Time Sau og Geit

Sørg for god og allsidig fôring

Vårt Formelsortiment til sau og lam er av høy kvalitet og passer til alle fôringsbehov.

Formel Sau Ekstra
Vårt toppkraftfôr til sau fra ca. 8 uker før lamming til beiteslipp. Har et høgt protein (AAT)- og energiinnhold. Tilsatt ekstra E-vitamin for søyer med 3 lam eller mer, og metionin for mer levedyktige lam.

Formel Sau
Til bruk for søyer og livlam fra innsett på høsten til beiteslipp. Gir godt grunnlag for god melkeytelse. Tilsatt metionin for mer levedyktige lam.

Formel Sau Intensiv
Spesialblanding med svært høgt fiberinnhold. Dekker vitamin- og mineralbehovet for sau om vinteren. Tilsatt metionin for mer levedyktige lam.

Formel Lam
Kraftfôr til lam fra fødsel. Har god smakelighet og høgt innhold av AAT. Egner seg godt til kopplam/grillam og til lam på støtteföring, mens de går sammen med mora og dier på beite.

Husk å gi dyra mineral- og vitamintilskudd: **Pluss Sau Pellets** og **Pluss Sau Appetitt**.

Felleskjøpet
Rogaland Agder — siden 1899

www.fkra.no | **Telefon 99 43 06 40**

Helsing frå Fatland AS ved årsslutt 2021

Kjære sauebonde!

Når me skriv dette er året nesten omme og me har lagt bak oss ein lang og travel småfesesong. Sjølv om 2021 har vore nok eit trasig år for mange med tanke på den pågåande pandemien, er me glade for å konstatere at det er teikn som tydar på at vinden bles i seila til småfenæringa!

Hjå Fatland har lammesesongen vore god. Me har opplevd ei markant auke i slaktetala for sau og lam på landsbasis. Pr november hadde me slakta 180.808 lam og 28.192 sau fordelt på våre tre slakterier i Noreg. Det er 3% fleire lam og 12% fleire sau målt mot same tid i fjor. Me slakta også 725 geiter og 1297 kje. Me er glade, stolte og audmjuke over at stadig fleire bønder vel Fatland som sitt slakteri – tusen takk for tillita de syner oss!

Det er viktig for Fatland å være det beste slakteriet for bonden. Prisane våre til produsent skal vere konkurransedyktige, me ynskjer å gje bonden den beste kundeservicen og me vil syna oss tillita verdig med å handtere råvarer, produktutvikling og sal på best mogleg vis. Hjarteleg takk til våre dyktige bønder for samarbeid og leveranse i 2021.

2021 – vind i seila for småfenæringa

Jamt over har kvaliteten på lamma vore god i år. Fine slakte- og feittklassar og gode vekter. Den gode kvaliteten på råvarene gjer det mogleg og produsera gode sluttprodukt. I haust vant Fatland fleire gullmedaljar i NM for kjøtt produkt, spesielt pinnekjøttet vårt gjorde særs godt – desse resultata kan me ikkje oppnå utan dyktige råvareprodusentar!

Så er det også gledeleg at marknaden i stadig større grad set pris på våre produkt av sau og lam. Salet i 2021 har vore fantastisk – både av ferskvare og speke- og julemat. Me sko gjerna hatt hand om fleire slaktedyr – for etterspørselen er no større enn kva med kan levera.

Dette er samstundes eit godt teikn for den norske sauebonden. Pris på sau har hatt ei positiv utvikling dei siste to åra – no håpar me at me kan sjå litt av den same utviklinga for lamma. Fatland skal arbeida knallhardt for å oppretthalda det gode salet og dermed kunne bidra til auka verdiskapning for våre produsentar.

Så vil me også understreka at sauen er meir enn berre kjøt. Marknaden går rett veg for skinn og ull også. Me sel 75.000 hovud av lam, bein og knoklar til både mat- og sementindustri og me eksportere fleire tusen kilometer med lamme tarm til utlandet. Fatland jobbar for å heve total-økonomien i sauehaldet.

Me er der for våre bønder

Det er viktig for Fatland å være en seriøs samarbeidspartner for våre produsentar. Rådgiving og faglig støtte skal me vera gode på. I tillegg arbeider me året rundt med fokus på Sauekontrollen. Det er ønskjeleg at oppslutnaden i kontrollen aukar og me hjelper gjerne deg som ønsker å ta i bruk dette gode produksjonsverktøyet.

Me har plass til fleire

Me ønskjer å invitere nye produsentar med på laget! Det er fleire gode grunnar for å bli Fatland-produsent:

- Me treng meir råvare! Salet går godt og me treng meir fersk kjøtt for å dekke opp om salet.
- Som Fatland-produsent vil du få tilgang på fagleg støtte og rådgjeving gjennom din produsentrådgjevar og produsentmiljø.
- Det løner seg! Me har svært konkurransedyktige priser, tillegg og bonusordningar.

Ta kontakt for en spennande samtale om vilkår, priser og kvardagen som Fatland-bonde!

Fatland takkar Time Sau og Geit for et godt samarbeid i 2021, og ønskjer lukke til med alle dei viktige oppgåvene i 2022!

Helsing Hilde Håland og Tore Oftedal

Vi hjelper bonden til enda bedre resultater!

Fatland er Norges største private kjøttbedrift. Også i høst har vi opplevd stor etterspørsel etter lam. Vi takker våre gode leverandører for tilførselen av kvalitetslam.

Ta kontakt med oss for en hyggelig prat om våre svært konkurransedyktige priser og vilkår.

Fatland Oslo: 97 69 26 50
Fatland Ølen: 97 98 55 22
Fatland Jæren: 97 97 21 20

Fatland

www.fatland.no

Helsing frå Nortura

Flott slaktekvalitet på lamma frå Nortura-sauebonden

Da er 2021 historie. I Nortura vi slakta 666 000 lam dette året, en nedgang på i underkant av 15 000 lam i forhold til 2020. Kvaliteten på lamma som Nortura-sauebonden leverer er som vanleg veldig bra. Medel slaktevekt i 2021 var 18,9 kg, medel klasse er klasse R (8,0) og medel feittgruppe 2+/2 (5,7). Kvaliteten er veldig lik som i 2020, bortsett frå litt mindre feitt. Dette gjer at ein rekordhøg del av lamma har gjort seg fortent til kvalitets-tillegg. I haustsesongen fekk heile 90 % av lamma Stjernelam-tillegg, ein auke på 2 % i forhold til 2020. Nortura-sauebonden har difor gjort seg fortent til mykje kvalitetstillegg i 2021, og Nortura har fått flotte lam som kan foredlast til gode, lønsame produkt.

Godt sal gjev god marknadsbalanse

Den viktige haust-salssesongen gjekk veldig bra. Salet til daglegvarekundane (Gildelam og Norfersk) hadde ein liten nedgang på 4%. Vi er likevel godt fornøgd med det, fordi vi samanliknar vi oss med ein veldig god salssesong i 2020 med stengte grenser og mykje heime-eting. Ein liten, men viktig salskanal er storkjøkken. Her var salsveksten på 25 %. Den største salsveksten kom i industrimarknaden. Her var salsauken på heile 34 %. Dette kom fyrst og fremst av at reguleringslagra var tomme før årets sesong. Det er mykje betre økonomi for sauebonden at industrikundane kjøper heile ferske lam i sesong til full pris, enn frosne lam frå reguleringslager med rabatt. Difor går omsetningsavgifta ned etter nyttår. I sum leverte Nortura 15 % eller 653 tonn meir lam i årets slaktesesong enn i fjor.

Salet av pinnekjøtt til jul gjekk også bra. Daglegvarekundane selde omtrent same mengde som i 2020, medan det var ein stor salsvekt både i industri- og storkjøkkenmarknaden. Hverdagslam-serien som Nortura etablerte i 2018 har vokse til ein betydeleg salskanal for lam. Årleg sel Nortura nå ca 900 tonn Hverdagslam-produkt. Det betyr at den norske forbrukaren vil ha lam på menyen, året rundt!

Tomt reguleringslager

Godt sal og lågare produksjon gjev mindre lam på lager. Før jul kom det signal om at ein del store industrikundar ynskte å kjøpe opp reguleringslageret for å sikre seg nok råstoff fram mot ny slaktesesong. Når dette skjer, går Nortura Totalmarked ut og informerer heile bransjen om dette. Det var stor interesse for å kjøpe, og reguleringslageret vart difor tømt før jul. All sau som vart slakta i 2021 er skore ned i Nortura eller seld til industrikundar. Det finst likevel sau og lam på lager. Prisoppgang etter nyttår gjer nok at alle aktørar har sikra seg godt med råvarer på eigne lager i løpet av slaktesesongen. Vi håpar dette vil vera nok til å forsyne marknaden saman med den løpande slaktinga av sau og lam fram til ny slaktesesong

Prisoppgang til sauebonden

Når marknadssituasjonen betrar seg, sørger Nortura for at prisen til sauebonden går opp. I slaktesesongen 2021 har avreknings-prisen på lam i medel vore kr 3,10 og på sau kr 9,50 høgare enn i slaktesesongen 2020. Konsernstyret i Nortura har vedteke fylgjande endring i gjennomsnittleg engrospris 1. halvår 2022 i forhold til 2. halvår 2021:

Lam: + kr 2,60

Sau: + kr 5,00

Prisløyper for å ta ut denne engrosprisoppgangen er presentert på Medlemsportalen til Nortura og på Nortura-sidene i Bondebladet og Sau og Geit.

Vi i Nortura ynskjer alle sauebønder i Time lykke til med eit nytt saueår. Vi skal stå på for sauebonden også i 2022.

Satsing på produktutvikling og økt salg gir grunnlag for prisvekst til sauebonden.

Bli medlem i Nortura, bondens selskap.



Nortura
bondens selskap

Foto: Grethe Ringdal

BLS BRYNE LANDBRUKSSERVICE A/S

Vi har gleden av å informere om at

SPRAYFO LAM51

igjen blir å få i 2022 sesongen.
På norske råvarer-levert av Tine!

Takk for godt samarbeid i 2021 og velkommen til handel også i 2022-sesongen.

Bryne Landbruksservice AS

P.B 284-4349 Bryne
Hålandsveien 31,
4344 Bryne
www.bls-as.no
51 77 07 00
post@bls-as.no